

Årsmelding 2024





ÅRSMELDING 2024

Innleiing

2024 er tredje driftsår for Geopark Sunnhordland, og andre år med UNESCO Global Geopark-status. Selskapet har p.t. dagleg leiar og geolog tilsett i 100% stilling, og er eigd av Region Sunnhordland IKS som bidreg med merkantil ressurs på ca 10% (rekneskap, råd og PR via Visit Sunnhordland). Geolog Anouk-Letizia Firle gjekk ut i morspermisjon primo oktober.

Styret har i 2024 bestått av:

Leiar	:	Vegard Bjørnevik, ordfører i Kvinnherad
Nestleiar	:	Birgit Sønstabø Esperø (for Vlfk)
Styremedlem	:	Una Kolle (Folgefonnssenteret)
Styremedlem	:	John Inge Svendsen (prof. geologi)
Styremedlem	:	Liv Kari Eskeland (stortingspolitikar, H)
Styremedlem	:	Hilde Eide Helland (Visit Sunnhordland)
Styremedlem	:	Leif Tore Trædal (HVL)

Vara for Birgit Sønstabø Esperø (Vlfk): Vegard Enerstvedt.

Valgkomite : Tora Haslum Myklebust (Region Sunnhordland)

Fagråd er : Emeritus John Inge Svendsen, UiB
Prof. i geologi Rolf Birger Pedersen, UiB
Prof. i arkeologi Knut Andreas Bergsvik, UiB
Forskar Tom Helda, NGU
Geolog Håvard Stubseid, UiB





Frå verdisamtalen med tittelen «Korleis verdisetje natur?» under riksjubileet Moster 2024

Økonomi

Inntektene er kr 3.070.289,- og kostnadane kr. 2.742.631,- inkl. finansinntekt og -kostnad. Dette gjev eit årsresultat på kr. 327.658,-. Eigendelane er på kr. 1.335.317,-. Av dette er opptjent eigenkapital kr. 1.038.618,-. Resultatet skuldast noko høgare prosjektinntekt enn budsjettert samt innsparing på løn pga permisjonen.

Rekneskapen er sett opp med føresetnad om framhald av drifta i 2025, og styret stadfestar at føresetnadane er til stades. Geoparken får sine driftsinntekter som tilskot frå kommunane Austevoll, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Etne og Kvinnherad, samt frå Vestland fylkeskommune og Statsbudsjettet v/Nærings- og Fiskeridepartementet.

Sveio kommune har så langt ikkje delteke i finansieringa. Driftsutgiftene går i all hovudsak til løn, formidlingstiltak, kontorleige samt kostnader ved det nasjonale og internasjonale nettverksarbeidet.

Aktivitetar i 2024

Styret

Det er halde fem styremøter samt Generalforsamling. Den daglege drifta har hovudsakleg føregått på Moster, medan ein på mandagar har hatt kontordag hos Region Sunnhordland IKS på Stord med deltaking i faste mandagsmøter.

Kontoradresse

Kontoradressa vart skifta frå Tollhagen v/Moster Amfi til i Sentobygget i Moster sentrum i slutten av mai, då Tollhagen skulle nyttast til Moster 2024-jubileet og det ikkje var ledige fasilitetar i Moster Amfi. Moster Amfi (MA) sitt bustadhus «Telegrafan» er mindre eigna som kontor og var høgare prisa enn gode, møblerte kontorfasilitetar og lagerplass i Sentobygget. Kontrakt der er skriven ut 2025. Det er likevel framleis ein ambisjon om at Geopark Sunnhordland skal vera stasjonert i eller nærare ved Moster Amfi. Styreleiar og nestleiar er i prosess med styret i MA for om mogleg å finne løysingar.

Seminar og konferansar

Det vart halde Partnarseminar i MA 25.april, der alle våre partnerar samt fylkesordførar Jon Askeland, ordførar Morten Helland og havforskar og medlem av UNESCO-kommisjonen Tore Furevik deltok. Det vart gjeve informasjon om geoparkens drift og status, om UNESCO-kommisjonens arbeid samt om geoparkens rolle for kommunen, regionen og fylket. Me fekk særst god respons frå våre 15 samarbeidspartnarar på arrangementet.

Begge tilsette deltok på den obligatoriske vårkonferansen i det Europeiske Geopark-nettverket i Tyrkia, der organisasjonen vart drøfta og val gjennomført. Dagleg leiar deltok óg på haustkonferansen på Island, der geoparkane informerer kvarandre men óg fastbuande og politikarar om sitt arbeid og sine prosjekt innan undervisning, reiseliv, formidling, forvaltning og berekraft. Slike arrangement gjev god merksemd og er ein ambisjon for Geopark Sunnhordland å arrangere på sikt. To av Geopark Sunnhordlands prosjekt vart presenterte der.

I og i samarbeid med Folgefonnssenteret vart det 4.mai halde eit ope seminar om båtar i Sunnhordland frå dei eldste tider til i dag, med historikar Eldar Helde som hovudtalar og Halsnøybåten som døme. Anouk Letizia Firle avslutta med eit innlegg om forskning på alternative energikjelder til sjøverts transport.

Under riksjubileet Moster 2024 bidrog geoparken med to arrangement; ein presentasjon av båtbyggjing saman med Sunnhordland Museum («Eg byggjer meg ein båt»), samt ein Verdisamtale med tittelen «Korleis verdisetje natur?» Begge arrangementa hadde særst godt besøk. Anouk-Letizia Firle var moderator for Verdisamtalens panel som bestod av prof. i biologi Vigdis Vandvik (UiB), forskar og geolog Tom Heldal (NGU), jurist Adele Matheson Mestad (leiar av Norges Institusjon for menneskerettigheter), forskingsdirektør Linda Nøstbakken (SSB) og forfattar Andrew Kroglund (leiar av Besteforeldrenes Klimaaksjon). Skodespelar Henrik Mestad innleia og avslutta arrangementet med kunstnarlege innslag av klasse.

I november deltok dagleg leiar på 2-dagars møte i Kunnskapsdepartementet saman med alle UNESCO-organisasjonane i landet, der UNESCO sitt arbeid i Noreg var tema for presentasjonar og drøftingar. Dette var svært nyttig for å etablere kontaktar i dei ulike UNESCO-organisasjonane samt i statsforvaltinga.

Prosjekt

Det tre-årige Erasmus-prosjektet GEO-site me tok initiativ til og no deltek i saman med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Stavanger og tre andre UNESCO-geoparkar i Europa, er i godt gjenge. Resultatet skal bli konkrete og tilpassa undervisningsopplegg om tema for skulane i kvar av dei deltakande geoparkane. Det internasjonale samarbeidet er lærerikt, og er både ambisjon og krav bak UNESCO-nettverket me er ein del av. Prosjektet vart presentert på Den Europeiske Geoparkkonferansen på Island i oktober.



Frå GEO-site workshop i Irland



Kopargruvene på Alnsvåg, Bømlo



Deltakarane under Partnarseminaret i Moster Amfi 25. april 2024

NORA (North Atlantic Cooperation) har gjeve oss tilslag på eit nytt prosjekt om utsleppsfri sjøverts framdriftsteknologi i sårbare UNESCO-område, saman med UNESCO-partnarar på Island og Færøyane. Tanken bak vårt fokus på dette temaet er at når 37% av Geopark Sunnhordland er sjø, og fleire av lokalitetane ligg til sjø og skal formidlast, er det trong for båttransport over lengre distansar og gjerne værharde farvatn. Då er det relevant å bidra til utvikling av utsleppsfri sjøverts transport som tek høgde for desse føresetnadane. Dette prosjektet vart óg orientert om på Den Europeiske Geopark-konferansen.

Me har starta eit nytt FORREGION-prosjekt (Vlfk), der ideen frå forprosjektet i 2023 skal utviklast til ein prøveversjon av ein KI-driven guide som gjev brukaren svar, tilpassa alder og interesse, på spørsmål om vår geologi og landskapsutvikling, samt reiseruter med mat og overnatting i Sunnhordland. Kunnskapstilfanget er ein eigen database basert på geoparkens litteratur (faglitteratur og nøkkelinfo), og planen er at denne digitale guiden vert tilgjengeleg på geoparkens nettside.

Me deltek óg i eit nystarta prosjekt saman med alle UNESCO-organisasjonane i Vestland, der målet er å lage ein samanheng og ei attraktiv løype mellom UNESCO-lokalitetane i fylket og kva desse byr på. Dette som eit steg på vegen mot ei norsk UNESCO-løype etter mål frå The Scotland UNESCO Trail som har fått stor merksemd og bruk.

Oppdrag

Oppdraget for Stord Kommune om å organisere og drive sommarguidinga ved Gruvemuseet på Litlabø var gjennomført for andre år i vår regi, med ein auke i besøket i 2024 på 8 %. Tilbodet får sær gode skussmål frå både besøkande og forskarane frå Vestlandsforskning som har kartlagt publikumstilboda i Sunnhordland med relevans for geoparken. Geir Magne Hamnes i Venelaget for Gruo er ein sentral og god samarbeidspartnar.

Geoparken var óg på oppdrag frå Moster 2024 prosjektleiar for tilrettelegging av kjelda på nordsida av Vetahaugen på Moster, med naturforma marmorbenker opphøgd i terrenget og oppreinsking av sjølve vasskjelda.

Formidling

Formidling er ei hovudoppgåve for UNESCO Globale Geoparkar, og i og med at drifta i all hovudsak er finansiert av offentlege midlar vert formidling til skular, lag og friviljuge organisasjonar gjort vederlagsfritt. Geoparkens «kundar» i 2024 har vore klassar frå Bømlo- og Stord Vidaregåande skular, lærarstudentar ved HVL, geologistudentar ved UiB og Oxford University, alle 8.klassane



Med elevar frå Bømlo Vgs i kleberbruddet på Bømlo



Oxford-studentar på Hespriholmen



Studentar frå UiB på eskursjon



Lærarstudentar frå HVL på synfaring på Moster

på Bømlo, Norges Døveforbund, pensjonistlag og sjømannsforeningar, Ølve Grendalag, barneskuleelevar, besøkande til Gruo i sommarsesongen samt deltakarar på seminara. Dette har føregått både innandørs og utandørs. Geoparken har òg hatt seksjonsleiar for kulturarv i Vlfk, David Sandved med kollegaer med på synfaring til Hespriholmen.

I samarbeid med Sandy Colvine, ein kapasitet på formidling frå Interpret Europe, laga me ei ideskisse til formidling av den rike steinalderhistorikken på søre Bømlo, presentert i og rundt Langevåg Bygdatur. Sokkamyro like ved Bygdatur er freda av Riksantikvaren for si historie som verkstadbu plass for steinalderfolket og deira tilvirking av økser av grønstein frå Hespriholmen. Dagleg leiar i Bygdatur Øyvind Monsen samt prof. Knut A. Bergsvik (UiB) og Una Kolle frå Folgefonn senteret var òg engasjert i arbeidet som vart gjort honorarfritt av Colvine som eit prøveprosjekt for geoparken. Dette vart lagt på is då styret for Langevåg Bygdatur ikkje fann rom til å finansiere skisser og budsjett av ideen som grunnlag for finansierings-søknadar.

Skilting er òg formidling, og etter søknad frå geoparken har Vestland Fylkeskommune sett opp vegskilting til Gruvemuseet i Sagvåg, og likeins Statens Vegvesen på E39 ved Lønning. Me har sett opp to nye infoskilt på Tysnes, og alle geoparkens 50 skilt i Sunnhordland er revidert med ny logo/UNESCO-logo. Nettsida vår er òg vedlikehalden og ligg føre på engelsk og tysk. Dagleg leiar oppfordra i byrjinga av oktober via lesarinnlegg i alle lokalavisene i Sunnhordland at alle kommunane må ta på alvor Fiskeridirektoratet si oppmoding om heilårlege hummarfredingsområde. Austevoll har som einaste sunnhordlandskommune hatt dette i fleire år med gode resultat. Naturbruksutvalet i Bømlo tok oppmodinga til følge og starta sakutgreiing om dette.

Etter at Statsbudsjettet 2025 vart lagt fram i oktober med nulling av budsjettposten til dei fire UNESCO-geoparkane i Noreg, har dagleg leiar brukt mykje tid opp mot embedsverk og politiske miljø nasjonalt for å formidle kva rolle UNESCO-geoparkane har i Noreg, og for å mobilisere eit breidt politisk engasjement for å reetablere statsstøtta i RNB og vidare. Til dette er det ytt god hjelp frå styret, eigar, ordførarar

i alle landets geopark-regionar, spesielt ordførar Synnøve Bakke og i størst grad stortingspolitikar Liv Kari Eskeland.

Statsstøtta på 1.000.000,- pr år utgjer 1/3-del av driftsbudsjettet vårt. Det er knytt no spenning til RNB. Samarbeidsavtalen med SKL er elles i sitt andre år av tre iflg kontrakt, og bidrar med kr. 40.000,- til vår formidling. Dette fell godt saman med begge selskaps grunnlag i berekraft.

KPI:

1. Prosjektmidlar: Ca 1,5 mill. i utbetalingar og tilsagn frå Erasmus+, NORA, Vlfk og sommarguiding på Gruo (ca 700.000,- av dette utbetalast i 2025.)
2. Arrangement: 1 lukka partnerseminar, 3 opne publikumsarrangement.
3. Besøktal: 1623 personar
4. Skilt/tiltak: 4 stk langs fylkes- og europavegar, 2 stk. infoskilt Tysnes. Alle 50 ajour.
5. Partnerar: 15 stk (2 nye).
6. Berekraft: Verdisamtalen under Moster 2024, utgreiing av eitt nytt Hummarfredingsområde. Samarbeid med andre både regionalt, nasjonalt og internasjonalt for å nå mål innan undervisning og energibruk.

Mosterhamn, 25.02. 2025

Brynjar Stautland
 Brynjar Stautland
 Dagleg leiar



Nye vegskilt etter søknad frå Geoparken

<p>4 GOD UTDANNING</p>	<p>7 REIN ENERGI TIL ALLE</p>	<p>9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p>	<p>11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN</p>	<p>14 LIVET I HAVET</p>	<p>15 LIVET PÅ LAND</p>	<p>17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA</p>
<p>Drive god og engasjerande undervisning for alle trinn i skulen. Bidra til utvikling av gode læremiddel.</p>	<p>Td. delta i utvikling av utsléppsfrie båtar, samarbeid med SKL,</p>	<p>Td. delta i utvikling av utsléppsfrie båtar, og utvikle ny guide-teknologi som gjer at gjester blir litt lenger i Shld. Søke nye innovasjons-prosjekt.</p>	<p>Bidra til auka kunnskap om geologi og biodivers. i regionen, som igjen styrker berekraftig forvaltning. Ta vare på UNESCO-statusen som kvalitet for naturgjevne levekår i regionen.</p>	<p>Td. delta i formidling av havforskning. Td. bidra til berekraftig hummarforvaltning.</p>	<p>Bidra til formidling av Shld sin rike biodiversitet, og vise relasjonen til geologien. Ha fokus på fuglelivet og vilkår for denne.</p>	<p>Deltaking på EGN og GGN-konferansar. Samarbeid geoparkar imellom både i Noreg, Skandinavia og andre land. Samarbeid m. partnerar.</p>



Åkrafjorden. Foto Jan Rabben



Dei tilsette i Geopark Sunnhordland